



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 25.03.2015

Sak nr.: 15/2801-2

Internt l.nr.: 11926/15

Sak: 19/15

Tittel: **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 25. mars 2015**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Status forvaltningsrevisjonsprosjekt under arbeid v/Deloitte AS
 - a. Innkjøp av kollektivtransport

All dokumentasjon er mottatt og gjennomgått. Intervjuer blir ferdig i løpet av veke 13. Rapport vert levert innan fristen 1. mai.

- b. Læringsmiljø og PP-tenesta

Dokumentasjon er mottatt innan fristen som var sett. Det blir no gjort klart for spørjeundersøking. Prosjektet er i rute.

2. Orientering om status oppfølging av FR kompetanseprofil v/Jan Erik Weinbach

Det vert arbeidd med kompetanseplanen. Utvalet vil motta skriftleg status til handsaming i neste møte. Orienteringa vert teken til vitande.

3. Orienteringar frå administrasjonen v/Fylkesrådmann / Ass. Fylkesrådmann og økonomisjef

- a. Orientering v/fylkesrådmannen. Kontrollutvalet vedtok å handsame orienteringa for lukka dører, jf. Kommunelova § 31, nr. 3 og 5, jf. Offentleglova § 23 og § 24

Orienteringa vart teken til vitande

- b. Orientering v/assisterande fylkesrådmann om internkontroll

Assisterande fylkesrådmann orienterte om status internkontroll med fokus på kva som skal prioriterast i 2015. Ansvarsbrev og dialogmøte brukt for å identifisere risikoområde i avdelingane. Fokus på risikovurdering av prosjekt i samband med SFJ2019.

Orienteringa vart teken til vitande

c. Orientering v/økonomisjefen

Økonomisjefen orienterte om innført ny rutine for handsaming av øymerka midlar. Alle øymerka midlar vert rekneskapsført og avsett til bundne fond. Ny rutine delvis innført frå 2014. Skal vere på plass frå 01.01.2015.

Orienteringa vart teken til vitande.

4. Nytt frå NKRF

- a. eINFO15/2 – Regler og prosedyrer for unntak frå offentlighet og lukking av møter

Informasjonen vart teken til vitande

5. Orientering frå leiar og kontrollsjef

- a. Tidspunkt for KU-møtet 12. mai. Leiar og kontrollsjef fekk fullmakt til å sette møtetidspunkt i høve til øvrig program for politikarane denne dagen.
- b. Invitasjon til FKT Fagkonferanse 3. – 4. juni. Utvalet sender Arve Mjømen, Kari Maria Rutle Fjærestad og Turid Vassliås Borgund til konferansen. Kontrollsjefen sørgjer for påmelding av deltakarane.
- c. Evaluering av perioden. Utvalet er positive til ei evalueringssamling i Fåm 22. – 23. juni med deltaking frå kontrollutvala frå dei andre fylkeskommunane på Vestlandet. Heile utvalet vil stille på samlinga.
- d. Vurdering av formalitetane rundt handsaming av saka om kontroll av praktisering av arbeidsvilkåra for folkevalde vart utsett.
- e. Kontrollsjef presenterte ei vurdering av notat frå KMD datert 18.12.2014 vedr. spørsmål om innsyn i deleigde selskap i samband med selskapskontroll. Vurderinga vart teken til vitande.